



Uskedalen, ei av dei finaste jordbruksbygdene på Vestlandet.

**Ei venare bygd trur eg ikkje er i Noreg enn Uskedal. Ja, slik startar Uskedalssongen. Songen som blei skriven av Søren Feet for over 100 år sidan. Like aktuelt i dag. Uskedalen er i dag ei av dei finaste jordbruksbygdene på Vestlandet. Velstelte gardsbruk på rekkje og rad frå Eik og Steinsletto til Musland øvst oppe i dalen.**

Vi har eit unikt kulturlandskap i ein unik natur. Eit kulturlandskap som er teke vare på og halde i hevd gjennom generasjonar. Eit slikt kulturlandskap er berre mulig gjennom aktivt husdyrhald. Lat oss vona at dei unge brukarane, vi har i bygda i dag, klarer å føra den lange tradisjonen vidare. Vi veit alle kva som skjer den dagen attgroinga tek til som følgje av manglande gardsdrift. Det ville bli eit sørgjelig syn å sjå bygda attgrodd, og det ville heller ikkje ta lang tid.

Vi har alle eit ansvar for å snakka fram det arbeid som her vert gjort kvar dag, år etter år. Slik at vi alle, både bygdefolk og tilreisande, virkelig kan gle oss over det vårt auga skuer. Ingen ting er ein sjølvfølgje i dag. Alt går mykje raskare enn det gjorde på Søren Feet si tid. Framtidas gardbrukarar kan ikkje leva av knappar og glansbilde, det veit vi. Men har vi ein unik muligheit til å kombinera produksjon av verdaste reinaste og tryggaste mat, med eit fantastisk kulturlandskap på kjøpet.

Sjølvsagt skal vi som eit av verdast rikaste land produsera mest mulig av vår eigen mat, noko anna vert uhøyr. Kortreist mat vil vera eit uttrykk vi kjem til å få høyra mykje om i framtida. Skal vi få ei berekraftig framtid med minst mulig klimaavtrykk, så må vi det. Eit aktivt jordbruk er sjølv limet i dagens bygde-Noreg på alle desse områda. Kan vi takka nei til det? Det kan vi ikkje, uansett kven som prøver å styra dette landet. Det er i dette flotte opne kulturlandskapet vi ynskjer å bu, og ikkje bak eit attgrodd landskap med buskar og kratt.

Brura er pynta til fest så godt som vi kan, og Bondelaget ynskjer leiinga i Festidalen lukke til med årets festival. Rykte seier at det ikkje vert fyrverkeri i år. Eit klokt val for både folk og fe. Sjølv skal vi no heia ekstra på våre deltakarar i Festitaren og 'Årets Kongekrabbar'. Laget sine eigne to medlemmer, Tone Eitrheim og Håvard Flaten, og Kjetil Mehl, sjefen vår i Hordaland Bondelag, med makker Vidar Mehl. Kan fort bli dobbelt i toppen, med slike tøffe bønder på startstreken.

Ein framleis god sommar til både bygdefolk og tilreisande.

For Uskedalen bondelag  
Hans Reidar Kjærland  
Leiar

Tekst/foto: Hans Reidar Kjærland  
Nett: Kristian Bringedal



Eit hav av *Digitalis purpurea* eller som vi seier Revebjølle, eit vanlig syn på Vestlandet. Planta er giftig og inneheld fleire sterkt giftige glykosider, for eksempel digitoksin og digitalin. Vert mykje nytta i framstilling av hjertemedisin.